

Saksbehandlar: Svein Hågård, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 15/10099-1

Val av medlemmer til hovudutvala, Vestlandsrådet, m.m., for valperioden 2015 - 2019

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Vedlegg:

Andre dokument som ikkje ligg ved:

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Ifølgje kommunelova § 17 nr. 2, siste setning, bør det konstituerande fylkestinget velje fylkeskommunale nemnder, m.a. faste utval. Nemndene vil tre i funksjon frå det tidspunktet dei er valde.

Medlemmer i nemnder som ikkje vert valde i det konstituerande fylkestinget, har rett og plikt til å fungere i verva sine til nyval er føreteke.

Fylkestinget skal no velje medlemmer til følgjande nemnder o.a.:

- i. Hovudutvala
- ii. Trafikktryggingsutvalet
- iii. Fylkesvalstyret
- iv. Vestlandsrådet
- v. Organ i Kommunenes Sentralforbund

I samsvar med delegerings- og innstillingsreglementet kap. 4.1 vel fylkesutvalet resten av nemndene, m.a. fagopplæringsnemnda, fagskulestyret, fylkesrådet for eldre og fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne.

Fylkestinget skal sjølv oppnemne eigarutsendingar til dei interkommunale selskapa fylkeskommunen er deltakar i. I samråd med fylkesordføraren kjem fylkesrådmannen til å fremje ei eiga sak om dette på eit seinare tidspunkt.

Ved vala under det konstituerande fylkestinget fungerer det nyvalde fylkesutvalet som valnemnd. Det er fylkesordføraren som skal leie valet.

2. Likestilling

Ved høvestalval stiller kommunelova krav om kjønnsmessig balanse blant kandidatane på listeforslaga, jf. kommunelova § 36 nr. 2, og blant dei som vert valde inn som representantar for kvar liste, jf. § 37 nr. 3.

Når det gjeld avtaleval, stiller kommunelova § 38 a nr. 3 krav om at det skal vere kjønnsmessig balanse blant dei medlemene som vert valde når ein ser på organet under eitt.

Kravet om kjønnsrepresentasjon gjeld ikkje absolutt for folkevalde organ som etter lov berre skal bestå av medlemmer frå fylkestinget, jf. § 36 nr 2. Her skal likevel reglane om kjønnsrepresentasjon følgjast så langt det er mogleg. For andre organ som vert valde ved gjennomgåande representasjon utan at det er lovbestemt, t.d. hovudutvala, gjeld kravet om kjønnsrepresentasjon fullt ut.

Dette inneber i praksis at ved val til hovudutvala kan det vere naudsynt også å velje varamedlemmer til fylkestinget for å oppfylle kravet om kjønnsrepresentasjon.

Fylkestinget vedtok i sak 38/99 at følgjande ordning skal gjelde for å oppfylle kravet om kjønnsrepresentasjon i hovudutvala:

“Medlemene til hovudutvala skal veljast blant fylkestinget sine medlemmer. Dersom resultatet av dette vert at krava i kommunelova §§ 36 og 38 om minst 40% representasjon frå kvart kjønn ikkje vert oppfylt, skal nødvendig tal hovudutvalsmedlemmer i tillegg veljast blant dei fem første varamedlemene til fylkestinget frå kvart parti. Dersom dette ikkje gir nok medlemmer av det underrepresenterte kjønn, skal ytterlegare medlemmer veljast blant dei andre varamedlemene til fylkestinget.”

3. Hovudutvala

Fylkestinget vedtok i sak 39/14 at fylkeskommunen skal ha desse tre hovudutvala, kvart med ni medlemmer:

- Hovudutvalet for samferdsle
- Hovudutvalet for opplæring
- Hovudutvalet for næring og kultur

Fylkesordføraren og fylkesvaraordføraren skal ikkje vere medlemmer i noko hovudutval, jf. vedtaket pkt. A, nr. 4.

Fylkestinget vel medlemene blant fylkestingsrepresentantane, jf. likevel pkt. 2 over om likestilling som kan medføre at nokre av medlemene må veljast mellom vararepresentantane. Minst éin og maksimalt to av medlemene skal vere medlem(er) av fylkesutvalet, jf. reglementa for hovudutvala § 1.

Fylkestinget skal velje leiarar og nestleiarar.

Fylkestinget vel blant varamedlemene til fylkestinget i rekkjefølgje så mange varamedlemmer som partiet/grupperinga har medlemmer i hovudutvalet, med tillegg av 1-3 varamedlemmer, jf. reglementa for hovudutvala § 1.

Inntil fylkestinget har revidert reglementa for hovudutvala, truleg på tingsetet i desember, gjeld dei eksisterande reglementa.

4. Trafikktryggingsutvalet

Til fylkestinget sitt møte 13. oktober d.å. la fylkesrådmannen fram saka «Vurdering av trafikktryggingsutvalet» (FT-sak 33/15). Når dette saksframlegget vert skriva (veke 41), ligg ikkje fylkestinget sitt vedtak føre.

Pkt. 1 og 2 i hovudutvalet for samferdsle si samrøystes tilråding til fylkestinget er følgjande:

1. Trafikktryggingsutvalet blir ikkje lagt ned.
2. Utvalet får frå 20.10.2015 personsamanfall med hovudutval for samferdsle. Det skal haldast eigne møte som trafikktryggingsutval.

Fylkesrådmannen går såleis ut frå at fylkestinget no ikkje skal føreta eit eige val av trafikk-tryggingsutvalet, jf. pkt. 2 i hovudutvalet si tilråding.

5. Fylkesvalstyret

Vallova § 4-3 lyd slik: «I hvert fylke skal det ved stortingsvalg og fylkestingsvalg være et fylkesvalgstyre som velges av fylkestinget sjølv.»

Lova er taus med omsyn til kor mange medlemmer fylkesvalstyret skal ha og det er heller ikkje nemnd noko om varamedlemmer.

Fylkesvalstyret for valperioden 2011 – 2015 har vore personsamanfallande med fylkesutvalet, med tillegg av Norvall Nøringset, SV.

Åshild Kjelsnes har vore leiar og Jenny Følling nestleiar.

6. Vestlandsrådet

Ifølgje vedtektene § 4 skal kvar av dei fire deltakande fylkeskommunane ha fem medlemmer med varamedlemmer i Vestlandsrådet. Medlemene skal veljast av og blant fylkestinget sine medlemmer. Fylkesordføraren og fylkesvaraordføraren skal vere medlemmer. Valet gjeld for den fylkes-kommunale valperioden.

Medlemmer i valperioden 2011 - 2015 har vore:

1. Åshild Kjelsnes

Vararepresentantar:

- 1 Jorunn Eide Kirketeig
- 2 Karianne Torvanger
- 3 Nils P. Støyva

2 Jenny Følling

Vararepresentantar:

- 1 Anders Ryssdal
- 2 Karen Marie Hjelmeseiter
- 3 Anita Nybø

3 Noralv Distad

Vararepresentantar:

- 1 Olin Johanne Henden
- 2 Bjørn Hollevik
- 3 Ole Gunnar Krakhellen

4 Frank Willy Djuvik

Vararepresentantar:

- 1 Klaus Iversen
- 2 Marit Barsnes Krogsæter
- 3 Alfred Bjørlo

5 Norvall Nøringset

Vararepresentantar:

- 1 Trude Brøsvik
- 2 Norunn Lunde Furnes
- 3 Olav Klungre

7. Kommunenes Sentralforbund

a) Generelt

Val til organa i Kommunenes Sentralforbund (KS) kan krevjast fremja som høvestalsval, jf. vedtektene § 3.

Av same føresegn framgår det at kvart kjønn skal vere representert med minst 40 prosent av medlemene.

Dersom ein person er vald som representant eller vararepresentant frå ein kommune, bør ikkje vedkomande veljast som representant frå fylkeskommunen (eller omvendt).

b) Landstinget

Landstinget er Kommunens Sentralforbund (KS) sitt øvste organ og vert halde kvart fjerde år i det året som følgjer etter eit nytt kommunestyre- og fylkestingval. Det neste Landstinget vert halde 15.-17. februar 2016 i Kristiansand.

I samsvar med § 4 i KS sine vedtekter skal fylkestinget velje tre delegatar til Landstinget. KS tilrår at det vert vald to ekstra varadelegatar for kvart parti/kvar gruppering.

Fylkestingsvalde delegatar i valperioden 2011 – 2015 var:

1 Åshild Kjelsnes

Vararepresentantar:

- 1 Nils P. Støyva
- 2 Hilmar Høl
- 3 Karianne Torvanger

2 Jenny Følling

Vararepresentantar:

- 1 Anders Ryssdal
- 2 Karen Marie Hjelmeseter
- 3 Anita Nybø

3 Bjørn Hollevik

Vararepresentantar:

- 1 Olin Johanne Henden
- 2 Arve Mjømen
- 3 Liv Stave

c) Fylkesmøtet

Fylkesmøtet er KS sitt øvste organ i fylket. Det konstituerande Fylkesmøtet i KS Sogn og Fjordane vil finne stad 19. november d.å. i Sogndal.

Av § 12 i vedtektene framgår det at fylkestinget skal velje tolv fylkestingsrepresentantar til Fylkesmøtet, pluss fylkesordføraren. Det bør i tillegg veljast like mange vararepresentantar som representantar, med eit tillegg av to for kvart parti eller kvar gruppering.

Dei 13 faste representantane i valperioden 2011 – 2015 var:

- 1 Åshild Kjelsnes
- 2 Nils P. Støyva
- 3 Karianne Torvanger
- 4 Jorunn Eide Kirketeig
- 5 Jenny Følling
- 6 Karen Marie Hjelmeseter
- 7 Nils Gjerland
- 8 Olin Johanne Henden
- 9 Bjørn Hollevik
- 10 Frank Willy Djuvik
- 11 Klaus Iversen
- 12 Trude Brosvik
- 13 Norvall Nøringset